Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 - Skav | Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Åsane

Emne: | Bygdelag:

Oppskr. av: Edv. Haukedal | Gard:

(adresse): Hylkje | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Til 1. Nei, ikkje noko fast ord, men i ordlag plar folk segja om alt for utan-om høget at „det er ei bjørg i det", „det er no til ei bjørg".

Til 2. Nei.

Til 3. å skava, skjel, skov, skave.

Til 4. Det har vore vanleg å nytta skav her, når berre det vart tid å skava. Det har gjerne vore gamlekallen, vilkårsmannen som har skave.

Under krigen tok det seg meir oppatt.

Til 5. Raun, ask og hegg. Andre treslag vert mest ikkje skave.

Til 6. Nei.

Til 7. „Ask gjer folom rask, alm gjö, raun fö, vier velte, selja svelte, hegg gjer merg i legg, fura drog daudt om lår."

„Selja svelte, vier velte, ask fö, alm gjö og raun løyper vesleoksen tå båsen."

1469

Til 8. Det var kyr som fekk skavet.
Skav brukte dei heile vintren, men mest
på ettervinteren. Dei gav det bert.

Til 9. Dei heldt det for at mjølka vart
betre når dei gav skav, fløyten vart
gulare.

Til 10. Skav fann dei helst på heimebøen. Dei
tok det av skaur og hadde resten til
småskav. Alt vart skave.

Til 11 og 12 Ukjend.
Til 13. Ukjend.
Til 14. Ukjend.
Til 15. Jamnast har dei halde seg i fstova.
Til 16. Dei bruka skavljå laga av ljåsbrot
eller dei bruka kniv. Skavljåen
laga dei med ei fille til handtak.
Til 17, 18 og 19 Småskavet gjorde dei frå seg
med skavljåen mot eit mothald (sengestolpen)
Ljåen vart halden still og skavkyppen førd.
Større skaurar og stokkar var dei helst
to om – ein skov og ein heldt og snudde.
Skavhal kjenner eg ikkje.

Til 20 – 23 Småskavet kalla dei skjevlingar
når det var avskave. Dei større
var skaur og strongar.
Til 24. Dei skov jamnast sovleg småkyppane
vel så der vart noko ved med.
Til 25. Veden nytta ti vanleg brensel.
Til 26. Dei som har tid nyttar det endå.

1469

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING